



Rhododendron ved Aktivitetshuset

Vi skriv juni og det er tid for å nyta fargeprakten til ei plante som er nesten verdsomspennande: Rhododendron. Vi har inntrykk av at eit fleirtal i bygda har eit større eller mindre innslag av ho.

Sjølve dronninga av rhododendron her i Uskedalen er Vestlandets truleg største på Endregard, men den skal vi ofra spesiell merksemd.



[Rhododendron på Neset](#)

Vi skal her berre bringa det diktaren kalla trefarga prakt for å minna om kor utreleg denne planta og blomen eigentleg er. Lapprosa som ho også kallast har meir enn 400 artar berre her i landet - privat og offentleg.



[Rhododendron i sentrum](#)

Rhododendron er ellers ein slekt i lyngfamilien og som ein

forstår ein av dei største slektene. Planta er å finna som ei krypande fjellplante via små og store buskar og til trær som er opptil 30 meter høge. Tilsvarande kan blada vera frå under ein centimeter til ein meters lengde.

I vill tilstand er rhododendron å finna i alle klimasonar frå tropene til arktiske strok og frå havnivået opp til nesten 6.000 meter. Det er eit unnatak med omsyn til spreiding:

Det er ingen ville rhododendronartar i Afrika eller Sør-Amerika. Nokre artar har vorte problematiske på grunn av for stor spreiding - til dømes i Storbritannia. I Noreg er det uvanleg at planta sår seg ut i naturen.

Ein omfattande kryssing har gjeve 30.000 registrerte hybridar.

En art er oppkalt etter en nordmann og veks i Kina:
Rhododendron amundsenianum.
Amundsen var misjonær i dette landet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen